

Seglingsvedtekter for Ran's Sumarregatta 2010



Laurdag 5. juni 2010

1. Reglar

ISAF's kappseillingsregler 2009-2012 (RRS). Reglane for HordaCupen 2010. Det vert segla i LYS m/u spinnaker, doublehanded og klassebåtar (Yngling/Express/Melges). Seglasen er med i HordaCup 2010 (unntatt for klassebåtane).

2. Tryggleik og ansvar

Regattaen er underlagt tryggleikskategori 5. Det er ein ufråvikeleg føresetnad at arrangøren eller nokon av foreininga sine funksjonærar, ikkje kan gjerast ansvarleg for nokon skade som rammar person eller eigedom under, eller i samband med kappseglasen.

Skipper på kvar enkelt båt har aleine ansvar for å avgjere om båten skal starte eller ikkje, eller om han skal halde fram med å kappsegle eller ikkje.

Det vert tilrådd på det sterkaste å bruke redningsvest eller anna personleg flyteplagg under kappseglasen.

3. Endringar av seglingsvedtektene

Eventuelle endringar i seglingsvedtektene vert kunngjort ved oppslag ved regattakontoret laurdag klokka 10.00. Dette vert signalisert med signalflagg J.



4. Tidsprogram og klasseinndeling

Første varselsignal vert gitt kl. 11.00.

Klasseinndeling, klasseflagg og starttrekkjefylgje vil framgå av deltakarlista, som vert publisert på www.ranseil.no samstundes med desse seglingsvedtektene.

Det vert ikkje gjeve varselsignal etter klokka 15:00.

5. Bane, løp og merker

Seglasen går føre seg i Hauglandsosen – sjå sjøkart 23.

Tur & Hav seglar inntil to løp på trekantbane
Express seglar inntil to løp på pølsebane.

Sjå prinsippsskisse for dei ulike løpsalternativa i vedlegg a-e.
Løpsalternativet vil bli vist med nummerskilt seinast ved varselsignal.

Start og mållinje vil vere siktelinja mellom to oransje kuleforma bøyer.
Alle merker vil vera oransje kuleforma bøyer.

6. Maksimaltid

Maksimaltid for kvar seglas er 2 timar og 30 minutt for fyrste båt i kvar klasse. Båtar som ikkje går i mål innan 30 minutt etter den fyrste båten i sin klasse vert notert som DNF. Dette endrar reglane 35 og A4.

7. Poengsystem

Lavpoengsystemet i Appendiks A vil bli nytta.

8. Protestar

Fristen for å protestere er 30 minutt etter at komitébåten kjem til kai i Anglevik.
Det vert sett opp oppslag om nøyaktig protestfrist på tavle ved regattakontoret.
Protestar skal leverast skriftleg på regattakontoret.

Meldingar om innkomne protestar vert slått opp på tavle ved regattakontoret tilliks med informasjon om kvar og når høyring vil skje.

Etter seglasen er regattakontoret ope til ein time etter protestfristen.

9. Premiering


1/3 premiering til båtane i kvar klasse. Premieutdeling finn stad i Anglevik så snart som råd etter seglasane og evt. protestar er handsama. Resultata vert publisert på www.ranseil.no så snart som råd etter seglasane.

Spørsmål i samband med regattaen kan rettast til regattasjef Jens Riis (99 57 57 70)

God seglas!




Vedlegg a:




Start-1b-2b-3b-1b-3b-mål

Vedlegg b:




Start-1b-2b-3b-1b-3b-1b-3b-mål

Vedlegg c:




Start-1s-2s-3s-1s-3s-mål

Vedlegg d:



Start-1s-2s-3s-1s-3s-1s-3s-mål

Vedlegg e:



Start-1b-3b-1b-3b-mål